

ENDRING AV TAKST- OG RABATTSYSTEM FOR FINNFAST



Stortinget har vedteke ei bompengereform. Målet med reforma er forenkling og effektivisering av bompengeneinnkrevinga. Takst- og rabattstrukturen for Finnfast blir endra frå 1. august 2019.

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017–2018) og lokale vedtak vert det innført bompengavgift for Finnfast for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 som svarer til 50 pst. av ordinær bompengetakst etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal inntil vidare ikkje betale bompengar.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgjande endringar frå 01.08.19:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får automatisk 20 prosent rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Alle kundar som har hovudavtale og brikke frå Ferde AS – Finnfast blir automatisk gjort om frå forskotsavtalar til etterskotsavtaler med 20 prosent rabatt (takstgr. 1) og 0 prosent rabatt (takstgr. 2). Innståande saldo frå innbetalt forskotsbeløp vil bli overført den nye etterskotsavtala.
- Noverande tilleggsavtalar med Ferde AS – Finnfast for å få lokal rabatt på 30-40 prosent rabatt blir avvikla. AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra, og passeringar frå 1. august blir trekte frå hovudavtala. Sluttavrekning og eventuelt beløp ein har til gode på tilleggsavtalar blir tilbakeført seinast tre månader etter endring.

Takstane for Finnfast vert som følgjer frå 1. august

Bomstasjon Finnfast	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Ordinære køyretøy utan avtale	Kr 106,00	Kr 435,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Finnfast etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem.

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Ordinær bompengetakst etter rabatt er kr 84,80 for takstgruppe 1. Endringa medfører at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 frå 1. august 2019 skal betale kr 42,40 per passering.

Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elkøyretøy og hydrogenkøyretøy. Rabatterte takstar for nullutsleppskøyretøy krev gyldig avtale og brikke. Utan avtale og brikke, vil nullutsleppskøyretøy bli belasta ordinær takst.

Ordningen med at traktorar med gyldig avtale og brikke vert belasta som takstgruppe 1 vert vidareført.

Fritak frå betaling av bompengar blir gitt etter gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt.

For meir informasjon: www.ferde.no

Takstendringa kan påklagast til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering.
Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.

